

KONTROLLUTVALET I GISKE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 19.03.2019 kl.13.00
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Gunnar Morsund.

Elles til stades: Dag Oksnes, Arnfinn Rune Giske, Anne Lise Hessen Følsvik og Karin Kalvø Giske.

= 5 voterande

Frå administrasjonen møtte rådmann Marianne Stokkereit Aasen, kommunalsjef Lene Bjørlo Overå, økonomisjef Ann Kristin Thu, økonomikonsulent Lillian Breivik og einingsleiar Greta Giske under sakene 07/19, 08/19 og 09/19.

Ordførar Harry Valderhaug deltok i heile møtet.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.
Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Knut Gunnar Alnes, Svein Ove Otterlei og konstituert dagleg leiar Kurt Løvoll.

Det var ingen merknader til innkallinga. På saklista blei det samrøystes vedteke å føre opp 2 nye saker; sak 8/19 Orientering om tilsynsførar i fosterheimar og sak 9/19 Praktisering av forvaltningslova § 11, d) krav om journalføring i Giske kommune.

Kontrollutvalet bestemte å handsame sakene i følgjande rekkefølge:

Sak 7/19, 8/19, 9/19, 6/19, 5/19

Sak 05/19 Godkjenning av møtebok frå møte 26.02.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå 26. februar 2019 vart godkjent.

Sak 06/19 Diskusjon om val av tema og oppstart av forvaltningsrevisjon.

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. mars 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Giske kontrollutval ber om ei prosjektskisse på områda offentleg innkjøp og investeringsbudsjett som grunnlag for val av forvaltningsrevisjon på neste møte.

Sak 07/19 Orientering om Giske kommune sitt høve til Stiftinga Alnes Fyr v/rådmann.

Kontrollutvalet fekk ei orientering av økonomisjef Ann Kristin Thu og økonomikonsulent Lillian Breivik. Denne orienteringa omfatta historikk, prosjektrekneskap og ymse avtalar.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Giske kontrollutval tek orienteringa til vitande. Kontrollutvalet forventar at kommunestyret blir gjort kjent med stoda mellom Giske kommune og Stiftelsen Alnes Fyr.

Sak 08/19 Orientering om tilsynsførar rolla i Giske kommune.

Kontrollutvalet fekk ei oppdatering av einingsleiar Greta Giske i tråd med sak 17/18.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.
2. Kontrollutvalet fekk opplyst at barnevernet er på veg til å nå målet om full dekning av tilsynsførarar innan barnevernet.
3. Kontrollutvalet ønskjer å bli halden orientert om stoda i Giske barnevern og særskild lukking av avvik.

Sak 09/19 Praktisering av forvaltningslova § 11, d) krav om journalføring i Giske kommune.

Kontrollutvalet valde å utsetje saka til neste møte slik at rådmann kan førebu ei orientering kring rutinar i kommunen knytta til journalføring. Utsetjinga var samrøystes.

Møtet vart slutt kl. 15.30

Gunnar Mørsund
Leiar
(sign.)

Dag Oksnes
Nestleiar
(sign.)

Arnfinn Rune Giske
Medlem
(sign.)

Karin Kalvø Giske
Medlem
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
Medlem
(sign.)